



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 18.09.2017  
Vår ref.: 2016/14409  
Arkivnr.: 434.11

Rogaland Sau og Geit  
Magne Jakob Bjørheim  
mjbj@online.no

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Utviding - skadefellingsløyve for jerv i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand

**Rogaland Sau og Geit gis med dette utviding av tidsperiode i samband med løyve til skadefelling av 1 individ av jerv i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand kommunar i Rogaland. Opphavelog løyve vart gitt i tidsrommet frå 17.08.17 til og med 31.08.17. Løyve vart så utvida etter søknad frå 1.09.17 til og med 14.09.17.**

**Fylkesmannen i Rogaland mottok ny søknad om utviding den 12.09.17, og gir med dette ny utviding som gjeld frå 15.09.17 til 28.09.17 Løyvet er gitt etter naturmangfaldlova § 18 første ledd bokstav b og § 77, jf. forskrift om forvaltning av rovvilt § 9, jf. også §§ 1 og 3. Det er knytt vilkår til løyvet.**

### **Bakgrunn:**

I brev frå Fylkesmannen, datert 18.08.17 fekk Rogaland Sau og Geit løyve til skadefelling av 1 individ av jerv i Sauda, Suldal, Hjelmeland og Forsand kommunar i tida frå 17.08.17 til og med 31.08.17. I tida etter skadefellingsløyve vart gitt har skadesituasjonen vorte pågåande og aukande. Det er gjort observasjon av jerv over grensa til Aust-Agder ved to høve. Forutan observasjonar av jerven, har det og blitt dokumentert fleire tap av sau til truleg same jerv etter førre løyve vart gitt. Med bakgrunn i dette søkte Rogaland Sau og Geit om utviding av skadefellingsløyve i Rogaland og Hordaland for tidsrommet 01.09.17 til og med 30.09.17. Dei søkte også om skadefellingsløyve på jerv i Agder og Telemark, men fekk avslag.

Fylkesmannen i Rogaland har mottatt ny søknad om utviding av skadefellingsløyve den 12.09.17, ettersom ein ennå ikkje har sankt alle dyra i fjellet, og skadesituasjonen ikkje er over. Sidan førre utviding har det blitt oppdaga 8 nye tilfelle av tapt sau til jerv, kor 1 av 2 sau den 04.09.2017 vart dokumentert sikker, og det andre antatt sikker. Dei andre 6 tapa vart registrert som antatt sikker den 07.09.2017. Det vart søkt om forlenging av eksisterande løyve frå 14.09.17 til 28.09.17.

**Vurdering:**

Vurdering av vedtaket etter prinsippa i naturmangfaldlova kap. II §§ 8-12 vart gjort i opphaveleg skadefellingsløyve. Fylkesmannen finn det derfor ikkje naudsynt å vurdere utviding av løyve på nytt etter same prinsippa i naturmangfaldlova kap. II, og visar difor til opphaveleg skadefellingsløyve for vurdering etter desse prinsippa.

Det vert med dette bevilga ytterlegare 15 000,- til skadefellingsforsøket, slik at ny øvre grense vert 18 000,- for direkte og dokumenterte utgifter, totalt for det opphavelege løyve samt dei to utvidingane. Like så vert det ei ny øvre grense på 37 000,- for godtgjering for deltakarar i fellingslaga, totalt for opphaveleg løyve samt utvidingane av dette.

Elles viser me til vilkår gitt i dei to tidlegare løyva.

**Konklusjon:**

**Me syner til opphaveleg løyve gitt Rogaland Sau og Geit den 18.08.2017 samt utviding den 31.08.2017 og utvidar løyve med same vilkår (med unntak av vilkåra for økonomisk godtgjering) for perioden 15.09.2017 til og med 28.09.2017.**

**Då utvidinga av løyve overlappar med lisensjakta for jerv som starta 10.09.2017, set me som ekstravilkår at jakta på best mogleg måte må samordnast med lisensjegerar i terrenget.**

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. miljøvernssjef

Stian Philip Andersen  
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Stian Philip Andersen  
Saksbehandlar telefon: 51568750  
E-post: fmrospa@fylkesmannen.no